

LEITE



Leite vart det andre byggefeltet på Leikanger, etter Korea. Dei første husa kom på slutten av 1950-talet. Dei neste ti åra kom husa i området opp til garden Halland på austsida av byggefelta, kring 100 moh. Byggesteg kon på 1970-talet og siste steget opp mot skogen på 1980-talet. Bøane og slåtteteigane på Leite hørde til prestegarden. Leite kan ha fleire tydingar, men det naturlege her er: «Bakkehøgd med godt utsyn». På slutten av 1800-talet starta folk i familien Rise frå Strandebarm i Hardanger med utvinning av steinheller i Helleberget, eit hellebrot på prestegarden like ovanfor byggefelta. Hellene vart brukte på tak på bustadhús, fjøsar og andre gardshus, både i bygda og i bygder rundt om i Sognefjorden. Mellom anna finn me heller frå Leikanger på Styvi i Nærøyfjorden. Hellene vart fraktet med hest og slede ned til Prestegardsstranda. Her var det bygd ein steinkai godt tilpassa som lasteplass for utskiping med båt. Frå Leite går det fleire stiar opp til Kleppa, via Frækaland i vest og via Hallandsberget i aust. Over Frækaland ligg Risedammen bygd av Lars Rise på slutten av 1930-talet. Dammen skulle sikre vatn heile året til Husabø, Hanehaug og områda rundt. Frå Kleppa er det flott utsikt over store deler av bygda.

- 1 Tinghus
- 2 Leikanger kyrkje
- 3 Leikanger ungdomsskule
- 4 Korea
- 5 Baldersteinen
- 6 Husabø
- 7 Frækaland
- 8 Helleberget
- 9 Kleppa
- 10 Kjeringafjell
- 11 Halland
- 12 Solbakken
- 13 Stokksete
- 14 Frikasdal

Systrand sogelag

10

13

14

9

7

8

12

11

1

4

Andre språk - meir informasjon / Other languages - more information:
www.systrand sogelag.no • www.sogndal.kommune.no • www.opplevleikanger.no

Informasjonstavla er lagd i eit samarbeid mellom Systrand sogelag og Opplev Leikanger med støtte frå Sogndal kommune, Sparebankstiftinga og Gjensidigestifta. Tekst: Systrand sogelag/K. H. Grepstad. Foto: Håvard Nesbo. Layout: IHP as - Leikanger



LEITE

Leite was Leikanger's second residential area, the first being Korea. The first houses were constructed in the late 1950s, and in the course of the following decade, houses were built from fjord level and up to the farm Halland to the east, at app. 100 m.a.s.l. The second construction period took place in the 1970s and in the 1980s, houses were built up to the forest above. The grazing and hay meadows of Leite belonged to the vicarage. The name Leite may refer to several meanings, but the natural choice would be 'hillside with a view'. At the turn of the 19th century, the Rise family, originally from Strandebarm in Hardanger, reintroduced the mining of slate flag stones from Helleberget, an ancient slate quarry above the residential areas.

The slate was used for roofing on all kinds of buildings along the Sognefjord. Amongst many sites, the slate stones are found at Styvi in the Nærøy fjord. The flag stones were taken by horse and sleigh down to the shore by the vicarage, where a stone pier was constructed that could be used as a point of departure for boat freighting. Several paths start at Leite and goes via Frækaland to the west, and via Hallandsberget to the east, up to Kleppa. Kleppa is a great viewpoint over most of Leikanger.

Above Frækaland one finds the Rise pond, constructed by Lars Rise towards the end of the 1930s. The pond was made to secure access to water throughout all seasons to Husabø, Hanehaug, and the adjoining areas.

